



Tittel: play 2002–2007

Regissører: Marte Vold og Ole Giæver, Norge, 2009

Utgiver: Egen produksjon. Er i salg i Filmbutikken/NFI

Spilletid: Ca 6 timer.

Play eller filmdugleik. Ein metode i mediefaga?

Eit høgdepunkt under filmfestivalen i Tromsø var framсыninga av Marte Vold og Ole Giævers *Best of Play*. Kvart år (unntatt 2006) har dei to møtt kvarandre for å ha ei hektisk arbeidsveke saman. Målet har vore å lage 40–75 kortfilmar i løpet av ei veke. No hadde dei bedt fem kjente av seg om å sjå alle dei 260 filmene og plukke ut dei femti beste av dei.

Metode for filmskaping

«Målet med prosjektet var å se om man ved en kvantitativ arbeidsmetode, hvor man må ta i bruk ideer man normalt ville forkastet, får en annen type kvalitet enn i mer kalkulerende og tidkrevende produksjoner,» skriv filmskaparane på omslaget til dvd-samlinga.

Dette er ein metode ein nok kunne ha nytta i større grad i filmutdanningar òg. Får ein berre laga ein film, er det ikkje merkeleg at ein vil leggje så mykje dybde og uttrykksvilje som mogleg i filmen, eller at han skal vere perfekt laga. Fallhøgda blir ofte for høg. Kvifor ikkje tvinge elevane til å lage så mange filmar på ei veke at dei må setje uttrykksviljen og pretensjonane sine til side?

Idé som utfordring

Giæver og Vold har altså ikkje spurt seg om idéar dei har fått er gode, men har sagt «ja» til

dei og sett dei som ei utfordring: Korleis kan vi best filmatisere han? Difor kan dei opne dvd 05 med å gå i gågata i Tromsø ein sommardag og spørre folk om dei har ein god tittel til ein film. Den første dei spør, kjem ikkje på nokon. Den neste foreslår «Måke i snøstorm». Så lagar dei ein film om det. Filmen blir ikkje særleg bra, men det gjer ikkje noko. Dei har 73 filmar til å lage, og har ikkje tid til å tenkje meir på den filmen.

Det kan høyrast useriøst ut, men har sine klare fordelar. Fokuset blir flytta fra ønsket om å lage ein god film til utfordringa om å lage ein så god film som mogleg. For kvar film må ein øve seg på det mest grunnleggjande – kvar skal ein stille kameraet, kvarnår skal ein klippe, kva ønsker vi å seie med kvar innstilling, korleis skal ein spele – kort sagt: korleis kan vi best fortelje?

I bonus kjem også ein annan måte å reflektere over idéar på: Ein må tenkje kva som ligg skjult i han, kva for moglegheiter finns i han, finns det meir enn ei mening i han?

Konsept-tenking

Denne haldninga til idéar kan sikkert stamme frå bakgrunnen til dei to filmskaparane. Begge to er kunstutdanna og dermed opplærde til å tenkje kreativt om idéar og korleis dei kan realiserast. Det er ikkje

meninga som er viktigast, men prosessen og utforskinga. Marte Vold er i tillegg utdanna filmfotograf frå Filmskolen; Ole Giæver har laga dei kinoviste kortfilmene *Sommerhuset* og *Tommy*. Begge er drivne fram av gode dialogar.

Dialogleik

Play er også full av dialogar. Men det finns så mange typer dialogar. Eit grep dei stadig tek i bruk er å iscenesette alvorlege samtalar på oppfinnsamt vis: Kva om to som snakkar samman heile tida spyttar på kvarandre? Kva om dei endar kvar replikk med eit slag eller eit pistolskudd? Kva om dei sit med kvar sin ballong og trekkjer inn helium slik at kjærrestekranglinga blir utført med tullestemme?

Dei utforskar òg måten dialogar kan bli spela inn på. Dei òg inneheld filmdidaktiske tips: Korleis kan ein bli meir medviten om kva som må til for at shot/reverse shots skal fungere? I ein film fortel Vold ei tragisk historie, men Giæver gjentek berre (fordi det same reverse shot-opptaket nyttast på nytt og på nytt) fliringa si... Som tilskodar kan ein likevel ikkje fri seg frå at ein av gammal vane likevel les psykologi inn i personane: Kvifor ler han, kvifor fortel ho, kvifor stoppar ho ikkje, kva feiler det han, kva slags forhold har dei til kvarandre?

For film lærar

Play inneheld ingen filmpeler. Dette er for det meste sketsjar og parodiar. Giæver nyttar filmene sjølv når han held filmkurs for andre. Og filmene er utan tvil mest nyttig for film lærarar.

Ser ein filmene, er det mykje ein kan kome i tankar om. Til dømes at sjølv tynt uttenkte karakterar kan bli til typar ved at skodespelarane insisterer på at replikkane deira er viktige og gjentek dei. Slik faller ikkje dumme, dårlege replikkar til jorda, men forvandlast til karakterteikningar, og personane blir monomane, insisterande, plagsomme, morsomme!

Filmene utforskar også nokre moglegheiter ved filmmediet. Her er det enkel spesialeffekt-leik og små morosame idéar: Har du sett frisbee-kasting i baklengsfilmen? Det blir til ein parodi på ballett! Kva er eit godt påskudd for å øve seg på montasje? Jo, bildelegg ein rap-tekst, for rapping dreier seg om å setje saman ulike element og nyttar i stor grad gjentakningar og rytme. Ein kan òg sjå korleis parodi er ein god veg til mediekritikk. Det er mykje ein kan finne her i denne skattkista for lærarar, men kan hende er inspirasjon nok: Den beste læringa vil vere å lage slike filmar sjølv!

Omtale: Per Terje Naalsund